



KOPI

Radøy kommune, teknisk drift

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/939 - 15/12412

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
20.10.2015

Utsleppssak Gbnr 45/171 - søknad om utsleppsløve - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 275/2015

Vedtak etter Forskrift om begrensnng av forureining (forureiningsforskrifta) § 13-5.

Saksutgreiing:

Adresse: Huldredalen 10, 5936 Manger
Tiltakshavar: Radøy kommune
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp inntil 5000 PE

Saksutgreiing:

Tiltak

Radøy kommune ynskjer å oppfylle nasjonale krav til reinsing av avløpsvatn. Eit av tiltaka i hovudplan for avløp er å etablere nytt avløpsanlegg på Manger. Det kommunale reinseanlegget skal etablerast på same stad som det i dag er ein slamavskiljar.

Det vert søkt om utsleppsløve for inntil 5000 PE. Det mye avløpsanlegget skal handtere avløpsvatn frå inntil 2500 PE, med mogleg framtidig auke i kapasiteten. Det vert opplyst i søknaden at ein ser for seg ei etappevis utbygging der første etappe vil medføre eit utslepp på 2500 PE.

I samband med bygging av reinseanlegget skal det etablerast 2 pumpestasjonar. For mest mogeleg sikker drift, skal dette vere pumpestasjonar med 2 stk. alternerande pumper. Søknaden omfattar derfor også løve til utslepp for naudoverløp frå pumpestasjon Manger kai, trykkum ved Selfallet og utlauspumpestasjon ved reinseanlegget (RA).

Reinsekravet er gitt i kap. 13 i forureiningsforskrifta. Reinsa avløpsvatn frå reinseanlegget skal førast i tett leidning til utslepp i Mangersfjorden.

Det vert elles vist til søknad mottatt 12.06.2015.

Rettsleg grunnlag

Søknaden er omfatta av forureiningsforskrifta, kapittel 13, jf. § 13-8 utslepp til mindre følsamt område.

Krav til utslepp av kommunalt avløpsvatn til «mindre følsame områder» er regulert i § 13-8.

Kommunalt avløpsvatn med utslepp til «mindre følsamt område», jf. vedlegg 1 punkt 1.2 til kapittel 11, skal ikke forsøple sjø og sjøbotn, og minst etterkomme

- a) 20% reduksjon av SS-mengda i avløpsvatnet berekna som årleg middelvei av det som vert tilført reinseanlegget,
- b) 100 mg ss/l ved utslepp rerekna som åreleg middelvei,
- c) Sil med lysopning på maks 1 mm, eller
- d) Slamavskiljar utforma i samsvar med § 13-11

Utsleppstad for reinsa avlaupsvatn skal lokaliserast og utformast slik at verknaden av utsleppet på resipienten vert minst mogleg og at brukarkonfliktar vert unngått.

Planstatus

Reinseanlegget vert plassert innafor området som i kommunedelplan for Manger 2007-2019 er definert som område for offentleg bygning. Tiltaket er etter kommunen si vurdering i tråd med planen.

Nabovarsel

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2.

Det har kome inn følgjande merknader til søknaden:

Fylkesmannen i Hordaland har gjeve skriftleg tilbakemelding på at dei ikkje har merknader til søknaden.

Fiskeridirektoratet har gjeve skriftleg tilbakemelding på at dei ynskjer at utsleppsleidning vert lagt lenger vest enn det som var anvist på utsendt skisse. Dette for å unngå fiskeriområde.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:5000 eller større, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

Privatrettslege rettar

Anlegget skal plasserast på tiltakshavars eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

Drift og vedlikehald

Avløpsanlegget og avløpsnettet skal byggjast, driftast og vedlikehaldas med særleg vekt på førebygging av lekkasjar og avgrense forureining i sjø som følgje av overløp. Overløp skal førast inn på utsleppsleidning. Reinseanlegget og avlaupsnettet skal dimensjonerast, byggjast, driftast og vedlikehaldas slik at omgjevnadar ikkje vert utsett for sjenerande lukt frå anlegget. Anlegget skal driftast og vedlikehaldas av fagkunnig personell slik at anlegget har tilstrekkeleg yteevne under alle klimatiske forhold som er normale for staden det ligg. (jf. forureiningsforskrifta §13-11 Utforming og drift.)

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søker, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter hamnelova av Bergen og Omland Havnevesen før arbeidet kan setjast i verk.

VURDERING:

Nabomerknad

Fiskeridirektoratet har gjeve skriftleg tilbakemelding på at dei ynskjer at utsleppsleidning vert lagt lenger vest enn det som var anvist på utsendt skisse. Dette for å unngå fiskeriområde.

Ansvarleg søker har kommentert nabomerknaden og opplyser at det vert lagt vekt på å lokalisere utsleppspunktet slik at verkandene av utsleppet vert minst mogleg for resipienten og til minst mulig ulempe for andre brukarar.

Det er både fiskeplassar og badeplassar i fjorden. Utløpsleidningen, slik den er vist på vedlegg til søknaden vil verte lagt frå RA og ut gjennom Mangerspollen. Den vert lagt i vegen mellom pollen og Mangersvågen og så vidare ut til 50 m. djupne i Mangersfjorden.

Denne plasseringa tek då omsyn til både fiskeområdet ved Fugleskjeret og ein eksisterande kabel på sjøbotn.

Utsleppmynde i Radøy kommune legg til grunn at utsleppsleidningen vert lagt lengre vest og ut på 50 meters djupne, vekk frå området ved Fugleskjeret, slik at leidningen ikkje kjem i konflikt med fiskeplassane rundt Fugleskjeret.

Reinsekrav og plassering

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre i høve plassering. Avlaupsvatnet skal reinsast i ein slamavskiljar med kapasitet på minimum 2500 PE og ein framtidig kapasitet på minimum 5000 PE. Avlaupsvatnet skal minst etterkome 20% reduksjon av SS-mengda i avløpsvatnet rekna som årleg middelværdi av det som vert tilført reinseanlegget.

Vedtak:

Med heimel i Forskrift om begrensning av forureining (forureiningsforskrifta) §13-5 vert det gjeve UTSLEPPSLØYVE for utslepp av kommunalt avløpsvatn inntil 5000 PE frå planlagt avløpsanlegg på gnr. 45 bnr. 451 på følgjande vilkår:

1. Reinseanlegget og avlaupsnettert skal dimensjonerast, byggjast, driftast og vedlikehaldas slik at omgjevnadar ikkje vert utsett for sjenerande lukt frå anlegget. Anlegget skal driftast og vedlikehaldas av fagkunnig personell slik at anlegget har tilstrekkeleg yteevne under alle klimatiske forhold som er normale for staden det ligg. (jf. forureiningsforskrifta §13-11 Utforming og drift.)
2. I samband med bygginga av reinseanlegget skal det verte lagt til rette for prøvetakingspunkt slik at ein gjennom eit fortskriftsmesig prøvetakingsprogram kan dokumentere at ein stettar utsleppskravet og forskrifta § 13-12 Prøvetaking.
3. I samband med bygging av reinseanlegget skal det etablerast 2 pumpestasjonar. For mest mogeleg sikker drift, skal dette vere pumpestasjonar med 2 stk. alturnerande pumper. Godkjenninga omfattar også løyve til utslepp for nødoverlaup frå pumpestasjon Manger kai, trykkum ved Selfallet og utlauspumpestasjon ved RA.
4. Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter hamnelova av Bergen og Omland Havnvesen før arbeida kan setjast i verk.
5. Anlegget skal tømmast etter behov og ikkje sjeldnare enn kvart andre år. Det skal vere mogelegheit for parkering av tømmebil maksimum 100 meter frå anlegget, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).
6. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
7. Alt arbeid skal følgje føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i forureiningslova § 52 a og gebyrregulativ vedteke av kommunestyret 11.12.14 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 17.2.1 c	Utsleppsløyve > 50 PE	kr	9 600,00
SUM		kr	9 600,00

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje satt i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest, jf. lokal føresegn § 4.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Radøy kommune er forureiningsmyndigheit og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget dekkar kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap. 7 og gebyrregulativ for Radøy kommune kap. 17.3.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsmyndigheita oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om nødvendig kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. og forureiningsforskrifta § 12-14.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 15/939

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning
Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Hogne Askeland
konsulent

Mottakere:

Radøy kommune, teknisk drift